



Jostein Hauso - må flytta fotballcupen (Foto:Ola Matti Mathisen)

**På grunn av det heftige regnet, som skal halda fram, er det ikkje forsvarleg å spela fotball på Heio og i føremiddag har leiinga i fotballgruppa difor flytta SPAR CUP søndag til grusbana i sentrum.**

**Det opplysar leiar Jostein Hauso til uskedalen.no.**

- Kva så med parkeringa?

- Den må skje på det som er av ledige grus- og asfaltplassar i dei sentrale dlelæe av Uskedalen. Ein må ikkje falla for freistinga til å parkera på jorder, seier Hauso.

Heio var fylt av vatn då eldsjelane i fotballgruppa skulle til å starta førebuingane klokka 10 og det var ingen annan utveg enn å flytta arrangementet. Ellers ville bana vorte eit gjørmebad.

Heldigvis hadde gruppa berre vaska og til dømes ikkje reist teltet då flyttinga vart bestemt.

Programmet for cupen blir ellers uendra og nå har dei nok mannskap.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.



Uunge og eldre tek eit dugnadsløft saman på grusbana i ettermiddag.